



## Notat

Dato: 04.05.2015  
Arkivsak: 2015/2515-3  
Saksbehandlar: annvedv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Ladestruktur for taxinæringa

I fylkesutvalet sitt møte 23.04.2015 vart følgjande framlegg vedteke:

*«Ladestruktur for taxinæringa*

*Fylkesutvalet ber om ei eiga sak vedkomande ei styrking og utviding av tilbodet med ladepunkt for taxinæringa.»*

Fylkesrådmannen arbeider for å fremja miljøvenlege køyretøy i drosjenæringa. Strategiar for dette var presentert i sak RS 39/2015 i Fylkesutvalet i mars.

I samarbeid med drosjenæringa søker fylkesrådmannen å etablera ladeinfrastruktur på utvalde haldeplassar i Bergen køyreområde. Det er vesentleg at ein finn ei god driftsløysing som er open for alle aktørar og held kostnadane låge, samstundes som ein sikrar at installasjonane vert teke i bruk. Fylkesrådmannen ventar no på tilbakemelding frå næringa på om dei ynskjer å forplikta seg til å introdusera ladbare og/eller heilelektriske bilar.

Administrasjonen kjem attende med informasjon om framdrifta i tiltaket som er ein del av Handlingsprogram 2015 for Klimaplan for Hordaland 2014-2030.